



Denne plakaten ved Spar informerer om 4 smakfulle dager på Oska.

**Komlemiddagen torsdag ruller i gang ein aktiv vekeslutt på restauranten Oska på Sandakaaien i Uskedalen. Fredag følgjer dei opp med quiz med quizmasster Sammy før dei introduserer nyskapinga skreifest laurdag. Søndag er det fastelavenssøndag, og då kan det passa med ein god middag hos SmakifråOska. Sist søndagsmiddag, på morsdagen, var oppbestilt tidleg i veka.**

Roy Lervåg og SmakifråOska har lagt litt om på drifta. Medan det tidlegare var komle kvar torsdag og søndagsmiddag kvar søndag, har dei no gått over til å ha det litt sjeldnare med tilbod i bolkar frå torsdag til søndag etter fast plan. Planen for vinter og vår finn de ved å klikka [HER](#). Ved å klikka på logoen til SmakifråOska i høgre kolonne kjem de rett inn på facebook-sida deira der de finn oppdatert informasjon.

Denne veka er det altså først komletorsdag med det populære buffèet med røykt kjøt, salt kjøt, kålrot, lokal korv og bacon. Buffèet står oppe frå kl.15 til 18. Fredag er det klart for ein ny runde med quiz med quizmat før og etter spørsmålsrundane. Desse kveldane har vore populære i det siste med bra deltaking. Dermed er det berre å samla lag og melda seg på.

Laurdag er det klart for den første skreifesten som heilt sikkert vert ei smaksoppleving, og søndag er det altså søndagsmiddag servert i skåler på bordet. Denne søndagen serverer det gode kjøkkenet sennepsteikt svinekam med krema sidersaus, urtepoteter, marinert sopp og vintergrønnsaker. Fastelavensbollar med spennande fyll vert desserten. Det skulle vera fristande for dei fleste!! Bordbestillingar kan gjerast til [rokokk@gmail.com](mailto:rokokk@gmail.com) eller mobil 918 64 091. Desse kan også brukast om ein ønskjer å booka selskap/slutta lag eller nytta seg av catering-tilbodet til SmakifråOska.

Neste runde med komler, quiz, skreifest og søndagsmiddag vert 16.-19.mars.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland